

Budsjett 2022 Økonomiplan 2022-25

Oppdatert pr 16.12.21



1. Innleiing

Fremskrittspartiet, Høgre og uavhengig representant Magne Djuvik legg med dette fram alternativt Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 for Bjørnafjorden kommune.

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i kommunedirektøren sitt samla budsjettdokument lagt fram 04.11.21 via portalen Framsikt. Der FrP/H/Uavh. har endringsframlegg eller føringar i høve kommunedirektørens budsjettdokument er dette kommentert nærare under.

FrP/H/Uavh's hovudgrep i budsjettet er;

- Ytterlegare kostnadsreduksjonar gjennom *Prosjekt Økonomisk handlefridom* i 2023-24
- Ikkje kompensasjon for prisvekst i 2022 og -23
- Låge investeringar i økonomiplanperioden
- Effekt av konkurranseutsetting tenestepensjon
- Auke i frie inntekter gjennom økonomiplanperioden
- Ikkje innføring av eigedomsskatt
- Redusert bruk av oppsparte fond

Kostnadsreduksjonane FrP/H/Uavh. legg inn i *Prosjekt Økonomisk handlefridom* (50 mill kr) og bortfall av priskompensasjon i 2022 og – 23 (22 mill kr) utgjer i alt 72 mill kr, tilsvarande ca 3,5% av dei samla driftsutgiftene til kommunen på 2,038 mrd kr i 2022.

FrP/H/Uavh. meiner dette er fullt ut realistisk, og at kommunen framleis vil kunna levera gode tenester til innbyggjarane i Bjørnafjorden med dette kostnadsnivået. Tenestene ut til innbyggjarane skal framleis skjermast så langt råd er.

Dersom økonomien til Bjørnafjorden utviklar seg betre en føreset i økonomiplanperioden kan omfanget av kostnadsreduksjonane i dette budsjettframlegget reduserast ved rullering av økonomiplanen.

2. Overordna perspektiv

2.1 Kommunedirektørens framlegg

Bjørnafjorden kommune står overfor store økonomiske utfordringar etter samanslåinga av Os og Fusa, og bortfall av SIO-prosjektet eit år før planlagt.

Kommunedirektøren har i sitt budsjettframlegg synleggjort eit salderingsbehov på 140-161 mill kr kvart år i økonomiplanperioden 2022-25. Dette kjem på toppen av innsparingar i Bjørnafjorden22-prosjektet på 80 mill kr, fordelt på 37 mill kr i 2021 og 43 mill kr i 2022.

I sitt framlegg til saldering har kommunedirektøren i all hovudsak satsa på auka inntekter i form av eigedomsskatt, samt å trekkja på oppsparte fond. I alt nyttar kommunedirektøren 294,5. mill kr frå fond i perioden 2022-25. Det er ikkje økonomisk berekraftig over tid.

Ut over det som ligg av kostnadsreduksjonar i B22-prosjektet i 2022 har kommunedirektøren ikkje gjort framlegg om større kostnadsreduksjonar i driftsbudsjettet. Investeringsnivået er imidlertid redusert, spesielt mot slutten av økonomiplanperioden.

2.2 FrP/H/Uavh.'s framlegg

Bjørnafjorden kommune er i ein alvorlig økonomisk situasjon. B22-prosjektet har tatt ut noko synergieffektar etter kommunesamanslåinga, men framleis er det behov for å betra balansen mellom løpande inntekter og utgifter i storleik 150 mill pr år.

FrP/H/Uavh. kan ikkje gå for innføring av eigedomsskatt. I intensjonsavtalen for samanslåinga av Os og Fusa låg dette også som premiss.

På lang sikt er det heller ikkje økonomisk bærekraftig å trekkja på oppsparte fond. Ein sunn kommuneøkonomi må basera seg på at løpande inntekter over tid er høgare enn utgiftene. Frå nasjonalt hald vert det vist til at kommunane bør ha eit netto driftsresultat (overskot) på 1,75% av driftsinntektene.

FrP/H/Uavh. legg derfor opp til at kommunen må i gang med eit nytt omstillingsprosjekt etter at Bjørnafjorden22 er avslutta; - *Prosjekt Økonomisk handlefridom*. Prosjektet vert nærare omtala i avsnitt 3.4 og har som mål å redusera driftsutgiftene med ytterlegare 50 mill kr i 2023 og -24.

Samla vert fondsbruken i FrP/H/Uavh. sitt framlegg redusert frå 294,5 mill kr i kommunedirektøren sitt framlegg til 171,8 mill kr samla for perioden 2022-25. Kommunen må difor leggja opp til ei stram økonomistyring også utover økonomiplanperioden.

Vår samla saldering av driftsbudsjettet går fram av tabell 1 i avsnitt 3.3.

3. Driftsbudsjett 2022-25

3.1 Driftsinntekter

FrP/H/Uavh. legg i hovudsak kommunedirektøren sine anslag for rammetilskot, skatteinngang, Havbruksfond, gebyrinntekter o.l. til grunn i dette alternative budsjettet.

I tillegg legg vi inn effektar av AP/SP-regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett 2022. Dersom endeleg vedteke statsbudsjett i Stortinget gjev endringar for kommunesektoren må dette innarbeidast i budsjettet for Bjørnafjorden kommune ved handsaminga i kommunestyret 16.desember.

Eigedomsskatt vert teken ut av budsjettet, og demografivekst lagt inn med akkumulert effekt for perioden 2023-25. I tillegg legg vi inn ein forventning om auke i dei frie inntektene til kommunen ut over kompensasjon for demografi, løn og prisvekst i økonomiplanperioden, ref. Hurdals-erklæringa.

Partia legg heller ikkje opp til å budsjettera med avkastning frå finansporteføljen i økonomiplanperioden. Derimot fremjar vi eit eige verbalforslag for å sikra at realverdien på porteføljen vert oppretthalden over tid. Sjå avsnitt 7.4.

3.2 Driftsutgifter

Med den økonomiske utfordringa som Bjørnafjorden kommune står ovanfor, er dette ikkje tida for å lansera nye store tiltak med driftskonsekvens. Tvert i mot må driftskostnadane i kommunen reduserast ytterlegare, ut over dei 80 mill kr som Bjørnafjorden22 har som mål.

FrP/H/Uavh. legg inn ein samla effekt av anbudsprosessen knytt til tenestepensjon med 10 mill kr år. Dette er knytt til forventta auka avkastning på pensjonsporteføljen og frigjøring av bufferkapital på vel 80 mill kr til premiefond.

Prosjekt Økonomisk handlefridom sett eit nytt mål om å redusera driftskostnadane med nye 50 mill kr frå 2024 (halvårseffekt på 25 mill kr i 2023). Fordeling av kostnadskutta på dei ulike sektorane i kommunen må ein komma attende til ved gjennomføring av prosjektet, men av omsyn til lovkrav må kutta i denne omgang fordelast prosentvis etter storleik på dei fem områda Fellesområde, Stab, Oppvekst, Helse og Velferd og Samfunnsutvikling, sjå avsnitt 3.3 Saldering av driftsbudsjett.

FrP/H/Uavh. har imidlertid funne rom for å oppretthalda diverse tilskot knytt til næringsområdet. Når næringsavdelinga no vert utan tilsette, ser vi det som viktig at aktiviteten til Bjørnafjorden Næringsråd, Visit Bjørnefjord og Os Sentrum kan oppretthaldast. Desse organisasjonane får difor slike tilskot i 2022;

- Bjørnafjorden Næringsråd	kr 300 000
- Visit Bjørnefjord	kr 100 000
- Os Sentrum	kr 100 000

I tillegg opprettheld vi satsinga på MOT som førebyggjande tiltak overfor ungdommane våre. MOT er eit universelt førebyggjande tiltak, som alle elevar i ungdomsskulen i Bjørnafjorden kommune får. Forsking dokumenterer positiv effekt av tiltaket. Skular som følgjer MOT-programma opplever mindre mobbing, færre ungdommar utan ein einaste ven, færre psykiske vanskar og mindre rusmisbruk. Tiltaket vert ført opp med kr 600 000 i 2020 og 1,2 mill kr pr år i resten av økonomiperioden. Vi ber også kommunedirektøren vurdere om ein skal ta MOT eller liknande satsing inn på mellomtrinnet i barneskulane våre.

FrP/H/Uavh. er også kjend med at ein i samband med opprusting av Strandvik kyrkje søker eit spleiselag for å skifta ut omnane i kyrkja. Dersom Bjørnafjorden Kyrkjelege Fellesråd lukkast i å skaffa delfinansiering frå næringslivet er FrP/H/Uavh. innstilt på å løyve kr 200 000 til prosjektet frå formannskapet's disposisjonsfond.

I kommunestyret 16.12.21 vert også KLEM-planen for Bjørnafjorden kommune vedtatt. P.t. ligg det imidlertid ikkje inne øyremarka midlar til gjennomføring av tiltak i planen. FrP/H/Uavh legg til grunn at dersom rekneskapen til Bjørnafjorden kommune går med overskot i perioden 2022-25 skal deler av overskotet setjast av til eit klimafond. Fondet skal nyttast til målbare tiltak i tråd med KLEM-planen, og kan finansiera både tiltak i regi av kommunen sjølv eller næringsaktørar/innbyggjarar.

3.3 Saldering av driftsbudsjett

Nedanfor følger FrP/H/Uavh. sitt framlegg til saldering av driftsbudsjettet i økonomiplanperioden 2022-25 (blå tal avvik frå kommunedirektøren sitt framlegg);

		Kommunedirektøren				FrP/H/Uavh.			
		2022	2023	2024	2025	2022	2023	2024	2025
SIO fond pr 31.12.20		50 000 000				50 000 000			
Prognose SIO avsetn. 2021		35 000 000				35 000 000			
Premiefond pensjon			25 000 000	25 000 000	25 000 000	7 960 000	26 560 000	20 560 000	8 560 000
Demografivekst *			15 000 000	15 000 000	15 000 000		10 000 000	20 000 000	30 000 000
Fond Luranetunet		25 000 000	10 000 000			-	-		
Fond kommunestyret				3 000 000	19 000 000			-	-
Bruk av diverse mindre fond			10 000 000				10 000 000		
Fond overskot 2020			19 000 000	35 000 000			-	-	
Bruk av diverse mindre fond			13 200 000				13 200 000		
Avdragstid, forlenging		15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000
Avkastning finansportefølje				5 000 000	7 000 000			-	-
Eigedomsskatt		15 000 000	40 000 000	60 000 000	80 000 000	-	-	-	-
Auka frie inntekter (ny regj.)						11 580 000	11 580 000	11 580 000	11 580 000
Fjerna 1 time naturfag						560 000	560 000	560 000	560 000
Ikkje kompensera prisvekst						11 000 000	22 000 000	22 000 000	22 000 000
Vekst i frie inntekter									
(ut over løn, pris, demografi)							5 000 000	10 000 000	15 000 000
Effekt av anbod tenestepensjon						10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Prosjekt Økonomisk handlefridom							25 000 000	50 000 000	50 000 000
Auka utgifter MOT-tiltaket						- 600 000	- 1 200 000	- 1 200 000	- 1 200 000
Auka utgifter - tilskot næring						- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
Sum		140 000 000	147 200 000	158 000 000	161 000 000	140 000 000	147 200 000	158 000 000	161 000 000

Tabell 1. Saldering av Driftsbudsjett 2022-25

SIO-fond pr 31.12.20 og prognose for SIO-avsetning 2021

FrP/H/Uavh. stør kommunedirektørens framlegg om å nytta SIO-fond for å bidra til balansering av budsjettet i 2022. Fondet er bygd opp for å handtera avviklinga av forsøket.

Premiefond pensjon

FrP/H/Uavh. nyttar totalt 63,64 mill kr av Premiefondet pensjon på 109 mill kr.

Demografivekst

Kommunedirektøren har lagt inn 15 mill kr under posten demografivekst for perioden 2023-25. Dette er fordelt på 10 mill kr knytt til auka folketal og dermed auka skatteinngang/rammetilskot, og 5 mill kr knytt til ytterlegare nedbemanning etter B22.

FrP/H/Uavh. overfører ytterlegare nedbemanning til *Prosjekt Økonomisk handlefridom*. Dersom ein legg til grunn at ein ikkje nyttar forventa inntekter frå demografiveksten gjennom heile økonomiplanperioden skal beløpet akkumulert gjennom perioden. Anslaget på 10 mill kr pr år tilsvarer ein folkevekst på ca 160 personar pr år, noko vi vurderer som realistisk.

Fond Luranetunet

Kommunedirektøren nyttar Fond Luranetunet på i alt 35 mill kr til å saldera budsjettet i 2022 og -23.

FrP/H/Uavh. vill behalda dette fondet som i si tid vart satt av i Os kommune for å kunna fasa inn nye sjukeheimsplassar etter utbygginga av Luranetunet i 2017. Fondet vart ikkje nytta sidan kommunen var gått inn i SIO-prosjektet ved opninga av nye sengeplassar i 2017.

Behovet for nye sjukeheimsplassar i Bjørnafjorden kommune vil auka i åra som kjem, og vi vil behalda fondet for å kunne fase inn nye plassar seinare i økonomiplanperioden. Sjekk også omtale av utbygging innan eldreomsorgen i avsnitt 4 Investeringsbudsjett.

Fond kommunestyret

Kommunedirektøren nyttar 22 mill kr frå Fond kommunestyret for å saldera budsjettet i 2024 og -25.

FrP/H/Uavh. nyttar ikkje dette fondet i vår saldering av budsjettet.

Bruk av diverse mindre fond

FrP/H/Uavh. stør kommunedirektøren sin bruk av 23,2 mill kr frå mindre fond i 2023.

Fond overskot 2020

Kommunedirektøren nyttar 54 mill kr frå Fond overskot 2020 til saldering av budsjettet i 2023 og -24.

FrP/H/Uavh. nyttar ikkje dette fondet i vår saldering av budsjettet.

Avdragstid, forlenging

FrP/H/Uavh. stør kommunedirektøren sitt framlegg om forlenga avdragstid på lån. Effekten gir 15 mill kr i reduserte finanskostnader pr år i perioden.

Avkastning finansporteføljen

Kommunedirektøren har budsjettert med forventa avkastning frå finansporteføljen med 5 mill kr i 2024 og 7 mill kr i 2025.

FrP/H/Uavh. vil ikkje bryta med tradisjonen tidlegare Os kommune, og no Bjørnafjorden kommune, har opparbeidd med ikkje å budsjettera med avkasting frå finansporteføljen. Sjå også Verbalforslag 7.4.

Eigedomsskatt

FrP/H/Uavh. stør ikkje framlegget frå kommunedirektøren om å innføra eigedomsskatt i Bjørnafjorden kommune.

Økte frie inntekter (AP/SP-regj.)

FrP/H/Uavh. legg inn auka frie inntekter med 11,58 mill kr i perioden 2022-15 i tråd med framlegget til Statsbudsjett 2022 frå AP/SP-regjeringa.

Fjerne 1 time naturfag

AP/SP-regjeringa vil ikkje innføra ein ekstra time naturfag. Kr 560 000 vert tatt ut av budsjettet.

Ikkje kompensera prisvekst

I kommunedirektøren sitt framlegg ligg det inne full kompensasjon for løns- og prisvekst frå 2021 til 2022. Prisveksten utgjer for heile organisasjonen 11 mill kr i 2022.

FrP/H/Uavh. trekkjer inn desse midlane som eit flatt kutt på 1,6% på alle driftspostar i driftsbudsjettet for 2022. Tilsvarande kutt vert også lagt inn i 2023, og akkumulert effekt vert vidareført ut økonomiplanperioden.

Auka frie inntekter ut over kompensasjon for demografi, løns- og prisvekst

FrP/H/Uavh. legg inn ein forventing om at dei frie inntektene til kommunane vil auka med om lag 1 milliard kr pr år i økonomiplanperioden, ref. AP/SP-regjeringa sitt mål om å styrkja kommuneøkonomien i perioden. For Bjørnafjorden kommune utgjer 1 mrd kr i auka frie inntekter til kommunane ca 5 mill kr pr år.

Effekt av konkurranseutsetting tenestepensjon

Kommunestyret vedtok 29.11.21 å bytte til investeringsvalgportefølje i KLP for vår tenestepensjonsordning. FrP/H/Uavh. legg til grunn at dette gjev auka avkastning på pensjonsporteføljen i perioden, samt at deler av bufferkapital (vel 80 mill kr) overført til premiefondet kan nyttast til delbetaling av årleg pensjonspremie. Vi legg inn ein samla kostnadsreduksjon med 10 mill kr pr år.

Tilskott til næringsorganisasjonar

Det vert sett av kr 500 000 pr år som tilskot til Bjørnafjorden Næringsråd, Visit Bjørnefjord og Os Sentrum.

Vidareføre MOT-prosjektet

Oppvekstområdet vert tilført 0,6 mill kr i 2022 og 1,2 mill kr pr år i resten av økonomiplanperioden slik at MOT-prosjektet kan vidareførast som førebyggjande tiltak i ungdomsskulane våre.

3.4 Prosjekt Økonomisk handlefridom

Bjørnafjorden22-prosjektet har vore tett knytt til kommunesamanslåinga. Det har vore naudsynt å henta ut synergieffektar knytt til samanslåinga. Så langt er 91% av planlagde tiltak for 2021 gjennomført, og det er identifisert tiltak for å oppnå største delen av planlagt innsparing for 2022. Prosessen har vore krevjande for heile organisasjon, og handtering av koronapandemien har ikkje gjort arbeidet lettare. FrP/H/Uavh. vil retta ein stor takk til administrativ leiing, tillitsvalde og alle tilsette som har stått på i denne perioden.

Trass i høg måloppnåing i B22 krev imidlertid den økonomiske situasjonen at kommunen må ta ned driftsutgiftene ytterlegare i økonomiplanperioden.

For å skapa langsiktig balanse i løpande inntekter og utgifter legg FrP/H/Uavh. derfor til grunn at det vert etablert eit nytt omstillingsprosjekt for åra 2023 og -24.

Prosjekt *Økonomisk handlefridom* skal redusera driftskostnadane med ytterlegare 50 mill kr ut over nedtrekket på 80 mill kr i Bjørnafjorden22-prosjektet.

Alle potensielle innsparingstiltak skal vurderast, herunder m.a.;

- Arealeffektivisering (avhending av areal /oppseiing av leigeavtalar)
- Nedbemanning
- Endra organisering (flatere struktur og færre mellomleiarar)
- Konkurransen i tenesteproduksjonen
- Sal av eigedom og eigedelar kommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen
- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering, fjerna dobbeltarbeid
- Lovfesta oppgåver vs ikkje lovpålagte oppgåver
- Tenestestruktur og harmonisering/justering av tenestenivå
- Effektiv innkjøpsstrategi og kostnadskontroll i investeringsprosjekta
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar
- Forsterka innsats for å redusere sjukefråværet / redusere vikarbruken i organisasjonen
- Bruk av KOSTRA-tal for å avstemme tenestenivået i Bjørnafjorden mot relevante nabokommunar/landsgjennomsnittet (årlege rapportar frå 2020 som syner utvikling over tid).
- Tilskotsnivå til Oseana KF, Os Idrettspark KF og kyrkja

I ei personellintensiv verksemd som kommunen må imidlertid store deler av kostnadsreduksjonen komma gjennom redusert tal årsverk i organisasjonen. Reknar ein om heile kostnadsreduksjon i årsverk utgjer 50 mill kr om lag 60 årsverk.

Gjennom Bjørnafjorden22-prosjektet er prognosen at ein fjernar 59 årsverk i løpet av 2021 og 2022, inkludert vikarbruk og innleige i Helse og velferd. Dette utgjer eit nedtrekk på 4,0% av tal årsverk Bjørnafjorden hadde pr 01.01.21 (1452 årsverk).

Etter etableringa av Bjørnafjorden kommune 01.01.20 (1433 årsverk) auka tal årsverk med 19 årsverk gjennom 2020, truleg primært innan sektoren Helse og velferd (SIO). I tillegg har ein auka med 6 årsverk i perioden 01.-01-15.11.21. Ser ein perioden etter kommunesamanslåinga under eitt vil reduksjonen i årsverk sidan etableringa av kommunen 01.01.20 vera netto 34 årsverk ved utgangen Bjørnafjorden22-prosjektet, tilsvarende 2,4% reduksjon.

Dette syner òg at ein del av det økonomiske nedtrekket på 80 mill kr i 2021-22 er knytt til andre tiltak enn nedbemanning. I ein kuttprosess er det naturleg at «dei minst smertefulle» tiltaka vert gjennomført først.

Eit nytt omstillingsprosjekt i 2023 og -24 vil dermed bli meir krevjande, og sjølv om «alle steinar skal snuast», må truleg ein større del av nedtrekket knyttast til årsverksreduksjonar og justering av tenestetilbodet i kommunen.

Om ein summerer netto årsverksreduksjon etter B22-prosjektet og 60 nye årsverk i Prosjekt Økonomisk handlefridom får vi ein samla reduksjon på ca 90 årsverk frå nivået ved etablering av Bjørnafjorden kommune 01.01.20, tilsvarende ca 6,3% nedtrekk.

Til samanlikning var årsverksreduksjonen ca 7% i det store omstillingsprosjektet i Os kommune i 2000-02. FrP/H/Uavh. legg difor til grunn at ein samla reduksjon på ca 6,3% i Bjørnafjorden kommune er fullt ut gjennomførbart.

År	01.01.20	01.01.21	15.11.21	01.01.22	01.01.24	01.01.25
Årsverk	1433	1452	1458	1399	1339	1399
Innbyggjarar	24 908	25 049				
Innbyggjarar pr. årsverk	17,38	17,25				

Tabell 2. Årsverksutvikling i Bjørnafjorden kommune

Eit overordna målekriterium på kor effektiv den samla kommunale organisasjonen er, vil vera tal innbyggjarar/kommunalt årsverk. Det vil sei kor mange innbyggjarar vi klarar å betena pr. kommunalt årsverk. Frå 2020 til 2021 ser vi at utviklinga i måltallet var negativ. Denne trenden må snuast for å skape balanse i drifta til kommunen. FrP/H/Uavh. ynskjer difor at måltallet innbyggjarar/kommunalt årsverk vert ein del av det overordna målekortet for Bjørnafjorden kommune.

Vidare ber vi om at eit stillingsbudsjett vert eit sentralt styringsdokument i det vidare arbeidet for å skapa balanse i driftsbudsjettet.

For å sikra ei god og effektiv gjennomføring av *Prosjekt Økonomisk handlefridom* må det etablerast eit nytt rammeverk for nedbemanningsprosessen i 2023 og -24. FrP/H/Uavh legg til grunn at føringar i intensjonsavtalen mellom Os og Fusa om at ikkje nokon skulle seiast opp som følgje av samanslåinga ikkje gjeld lenger etter avslutninga av Bjørnafjorden22-prosjektet. No er det den generelle økonomiske situasjonen til Bjørnafjorden kommune som ligg til grunn for *Prosjekt Økonomisk handlefridom*. Rammeverket for prosjektet må drøftast med dei tillitsvalde, og FrP/H/Uavh. legg til grunn at kommunedirektøren og styringsgruppa for prosjektet (sjå under) nyttar 1.halvår 2022 til å få på plass dette rammeverket. Arbeidet i *Prosjekt Økonomisk handlefridom* skal byggja på eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde.

I tillegg vil FrP/H/Uavh. foreslå at det vert etablert ei politisk styringsgruppe på 5 personar for *Prosjekt Økonomisk handlefridom*. Styringsgruppa skal følgja prosjektet tett, men koalisjonen vil understreka at rammestyring fortsatt gjeld som budsjett- og styringsmodell for kommunen. Kommunestyret skal i løpet av 1.tertial 2022 velja medlemmer til styringsgruppa, samt vedta endeleg mandat for prosjektet, basert på framlegg frå kommunedirektøren.

I arbeidet skal ein sjå på alle sider av verksemda til Bjørnafjorden kommune, og lovpålagde 1.linjetenester til innbyggjarane skal fortsatt skjermast så langt råd er. FrP/H/Uavh. meiner at det også etter Bjørnafjorden22-prosjektet er rom for ytterlegare reduksjon i administrative stillingar. Det er t.d. framleis mange ledd mellom einingsleiarane ute i tenestene og kommunalsjefane/kommunedirektøren.

Ei stram økonomistyring, der kostnadane skal reduserast ytterlegare, krev også tydelig politisk styring. Planarbeid, utgreiingar og tiltak som ikkje er knytt til primærtjenestene må kort og godt utgå. Dette gjev også rom for å redusera dei administrative funksjonane i kommunen. Ein bør t.d. gå gjennom vedtatt Planstrategi for å sjå om det er einskildplanar som kan fjernast eller utsetjast i tid.

4 Investeringsbudsjett

FrP/H syner til kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett, og sluttar seg i hovudsak til prioriteringa av dei ulike investeringsprosjekta.

Vi fremjar i tillegg følgjande endringar / merknader;

a). Hjelpemiddellager / base open omsorg / sjukeheimsplassar

I kommunedirektøren sitt framlegg ligg det inne 55 mill kr til investeringsprosjektet Hjelpemiddellager og administrasjonsbygg for Open omsorg.

FrP/H/Uavh. registrerer at prosjektet slik det er presentert på tomten nordaust for gjesteparkeringa på Luranetunet har ein svært høg kvadratmeterpris. Samstundes står gamle Os Sjukeheim fortsatt tom.

I FrP/H sitt budsjettframlegg for 2021 finn ein følgjande tekst;

Vår vurdering er at det er to aktuelle lokaliseringar for både Open omsorg og Hjelpemiddelsentralen; - felles nybygg v/parkeringa på Lurane eller ombygging av delar av gamle Os sjukeheim. Det er hensiktsmessig at desse tenestene er samlokalisert, og nært knytt til omsorgssenteret Luranetunet. FrP/H fremjar på denne bakgrunn eit eige verbalforslag for å greia ut endeleg lokalisering av Open omsorg/Hjelpemiddelsentral, samt ta stilling til framtidig bruk av Os Sjukeheim.

Vi legg til grunn at ein framleis bør greia ut bruk av gamle Os sjukeheim som alternativ til nybygg. Ved ei evt. ombygging av Os sjukeheim kan ein i tillegg truleg få etablert 10-20 nye sjukeheimsplassar som kommunen sårt treng i åra som kjem.

I vurderinga av kva alternativ som er best må ein også sjå på dei langsiktige konsekvensane for utvikling av omsorgstenestene i området Lurane.

Det tidlegare konseptet for ombygging av Os sjukeheim (frå 2019/20) kan nyttast som grunnlag, men FrP/H/Uavh. presiserer at vi no ber administrasjonen sjå på eit nedskalert prosjekt med færre funksjonar.

Vi gjer difor framlegg om at investeringsposten endrar namn til *Hjelpemiddellager / base open omsorg /sjukeheimsplassar*, og at kommunen nyttar 1.halvår 2022 til å utgreia dei to alternativa; - nybygg vs. ombygging av Os sjukeheim.

FrP/H/Uavh. syner også til at vi ved saldering av driftsbudsjettet har halde attende Fond Luranetunet på 35 mill kr til evt. innfasing av nye sjukeheimsplassar i perioden.

b). Rammeløyving avlaupsprosjekt og vassprosjekt

FrP/H/Uavh. reduserer rammeløyvingane til avlaups- og vassprosjekt med 10 mill kr pr år. Dette vil på sikt bidra til å redusere vass- og avlaupsgebyra i kommunen. I tillegg ber FrP/H/Uavh. om at formannskapet får detaljert rapportering på prosjektnivå for desse rammeløyvingane.

Tiltak	2022	2 023	2024	2 025
Hjelpemiddellager /base Open omsorg / sjukeheimsplassar	18 000 000	37 000 000		
Avløpsprosjekt	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Vassprosjekt	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Sum endringar	-20 000 000	-20 000 000	-20 000 000	-20 000 000

Tabell 3. Endringar i Investeringsbudsjettet 2022-25

I tillegg legg FrP/H/Uavh til grunn at kommunen aktivt skal bidra til å realisere Leige til eige-konsept i bustadmarkanden i Bjørnafjorden. Slike bustadprosjekt bidreg til å senka terskelen for å komma inn på bustadmarknaden for unge og andre som i utgangspunktet slit med å finansiere kjøp av sin første bustad. Prosjekta krev normalt ikkje medfinansiering frå kommunen, men kommunen kan spela ei viktig rolle som tilretteleggjar for interesserte bustadutviklarar.

5. Betalingssatsar, avgifter, gebyr

FrP/H/Uavh. innfører ikkje eigedomsskatt i Bjørnafjorden kommune.

Reduksjon av investeringsnivået på vass- og avløpsprosjekt vil over tid redusera gebyrnivået på desse tenestene. Ut over dette gjer ikkje FrP/H/Uavh. endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til betalingssatsar, avgifter og gebyr.

6. Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP/H/Uavh. ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 i kommunestyret.

6.1 Maskinpark teknisk område

Innan byggvedlikehald, veg, grønt og VA-anlegg har kommunen i dag ein kombinasjon av kjøp av tenester og arbeid i eigenregi. Knytt til eigenregien har kommunen også ein omfattande maskinpark som vert nytta i dei ulike oppdraga som kommunen utfører sjølv. FrP/H/Uavh. er opptatt av effektiv bruk av maskinparken, og at investeringane står i forhold til den brukstid vi får på maskinparken. Om brukstida vert for låg, kan innleige av maskiner for kortare periodar eller å setja bort oppdrag til private entreprenørar, vera meir kostnadseffektivt enn å eiga maskinparken sjølv. Spesielt gjeld dette for dei tyngste maskinene innan anleggsarbeid.

FrP/HUavh. ynskjer difor at administrasjonen gjer ei vurdering av maskinparken og den balansen vi i dag har mellom kjøp av tenester og eigenregi. Her må ein også vurderer bruken av rammeavtalar innan ulike fag.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greia ut balansen mellom kjøp av tenester og eigenregi innan dei tekniske tenestene, og fremja dette som eiga sak til formannskapet innan 01.07.22

6.2 Organisering av Os Hamn

Kommunen bør gjera ei nærare vurdering av korleis utviklinga og drifta av Os Hamn best kan organiserast for framtida (integrert i den kommunale organisasjonen, eige KF, AS). I arbeidet må ein og ta høgde for at utviklings- og driftsorganisasjonen kan ta opp i seg tilsvarande oppgåver i t.d. Eikelandssosen eller andre stader.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greia ut ulike utviklings- og driftsmodellar for Os Hamn.

6.3 Forvaltning av finansporteføljen

Finansporteføljen vart i si tid oppretta i Os kommune etter sal av aksjar i Oskraft AS og BKK AS i 2001/02. Porteføljen har tent både Os kommune og Bjørnafjorden kommune godt med positiv avkastning i alle år så nær som to.

Over tid er imidlertid realverdien på porteføljen redusert, då avkastninga tilnærma uavkorta er overført til driftsrekneskapen. FrP/H/Uavh. meiner kommunen bør vurderer denne praksisen, og ynskjer å få vurdert ein modell der ein;

- i ein periode tek ut maksimalt 50% av avkastninga, men ikkje meir enn at porteføljeverdien vert justert for inflasjonen (fram til realverdien er på nivå med verdien i 2001)
- deretter årlig berre tek ut avkastning ut over inflasjonen
- år med negativ avkastning skal motreknast mot år med positiv avkastning, slik at porteføljen over tid opprettheld realverdien

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren fremje sak om framtidig disponering av avkastninga på finansporteføljen til Bjørnafjorden kommune.

6.4 Sal av eigedom

Som del av Bjørnafjorden 22-prosjektet og etter kvart Prosjekt Økonomisk handlefridom skal Eigedomsutvalet arbeida med utvikling og sal av eigedommar som kommunen ikkje nyttar eller har planar om å nytta i framtida. Dette arbeidet var forseinka i 2020, og i 2021 har utvalet berre hatt eit møte. Formannskap/kommunestyret har tatt stilling til sal av nokre få eigedommar, men vi finn at det har vore for lite fokus på dette temaet gjennom 2021.

FrP/H/Uavh. meiner kommunedirektøren må vurderer om kommunen pr i dag er rigga med naudsynt eigedomskompetanse for sikra eit best mogeleg resultat av tiltaket. Nokre eigedommar skal kanskje vidareutviklast med konsept og reguleringsplan før sal, eksisterande bygningsmasse skal vurderast og evt. rustast opp før sal, verdivurderingar skal gjerast osv. Om kommunen p.t. ikkje fullt ut sit på denne kompetansen kan dette t.d. løysast ved kjøp av tenester, evt. etablering av ei tidsavgrensa prosjektstilling.

Framlegg til vedtak;

Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere om kommunen sit på naudsynt kompetanse for å sikra eit godt resultat av eigedomstiltaket som p.t. ligg i Bjørnafjorden22-prosjektet.

6.5 Arealeffektivisering

Basert på oversikt frå administrasjonen leiger Bjørnafjorden kommune 13 246 kvm bygg i den private marknaden. Leigekostnaden summerer seg til ca 14,7 mill kr + felleskostnader pr år.

Areala er leigd til ymse formål, og leigeperiode, pris og vilkår varierer for dei ulike areala.

FrP/H/Uavh. meiner kommunen må ha ein nøye gjennomgang av alle leigearéala for å effektivisera arealbruken i kommunen. I dette arbeidet må ein også sjå leigearéala opp mot areal kommunen sjølv eig. Prosjektet må få høg prioritet i 2022.

Framlegg til vedtak;

Kommunestyret ber kommunedirektøren etablere eit eige delprosjekt for å effektivisera arealbruken til kommunen.

6.6 Framtidige budsjettdokument / Framsikt

Kommunen har no i to år nytta den digitale plattformen Framsikt til å presentere kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, samt til rapportering på års- og tertialnivå. FrP/H/Uavh. opplever at det er krevjande å få ein god nok oversikt over budsjettdokumenter slik dei no vert presentert, og meiner at budsjettdokumenter frå 2023 må presenterast i eit samledokument (pdf-fil).

Framlegg til vedtak;

Kommunestyret ber om at budsjettframlegget frå kommunedirektøren frå neste år av vert presentert som eit samla budsjettdokument.

7. Framlegg til vedtak

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022 – 2025, med dei endringar som kjem fram i FrP/H/Uavh. sitt budsjettdokument.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane: Oppdatert tabell vert lagt inn i av kommunedirektøren i tråd med endringar i FrP/H/Uavh. sitt budsjettalternativ.

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningar drift §5-4 (1A), Bevilgningar drift § 5-4 (1B) og førebels B3 Økonomisk oversikt drift § 5-6. Merknad: Budsjetttramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivningar og renter) vedr sjølvkostanlegg.

3. Bjørnafjorden kommune vedtar innsparingstiltaka vedr «Bjørnafjorden 22» i samsvar med kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, med unntak av dei tiltak som er omtalt i FrP/H/Uavh. sitt budsjettframlegg.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføring av tiltaka i tertialrapportane.

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse: Oppdatert tabell vert lagt inn av kommunedirektøren i tråd med endringar i FrP/H/Uavh. sitt budsjettframlegg.

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5 (2A) og Bevilgningsoversikt §5-5 (2B).

5. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2022 er kr 222.000.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 152.000.000 i 2022, jfr kommunelova §14-15. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
6. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 60.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
7. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.
8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2022 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.
9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr §12 i Forskrift om håndtering av avfall fra Husholdning. Avfallsgebyret tilhøyrer Bjørnafjorden kommune.
10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på renovasjonstenesta for 2022 blir auka med 15,0%, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse blir haldne uendra. Kommunalt påslag blir uendra frå i fjor. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhald til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2022».
11. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.
12. Bjørnafjorden kommunestyre innfører ikkje eigedomsskatt frå 2022.

13. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at ev positivt premieavvik i budsjettåret blir sett av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).
14. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at administrasjonen har fullmakt til å bruke fondsmidler til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref økonomireglementet. Administrasjonen har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.
15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjetttramma for Kontroll og revisjon blir sett til kr 1.682.000, jfr vedtak frå møte i kontrollutvalet 02.09.2021 i sak PS 27/21 – Budsjett for kontrollarbeidet i Bjørnafjorden kommune 2022.
16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2022 blir sett til kr 15.330.000. Tilskot til Fusa frivilligsentral for 2022 blir sett til kr 744.000.
17. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, slik at kommunalt tilskot 2022 til skulebading blir sett til kr 2.442.000, kommunalt tilskot til idrettshall og uteanlegg blir sett til kr 4.558.000.
18. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2022 blir sett til kr 6.217.000.
19. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling.